



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Festsalen på Florø kulturhus
Dato:	16.03.2023
Tid:	Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Kjell Heggen	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V
Asgeir Olav Solheim	UAH
Randi Hagevik Aare	UAH
Tom André Vedvik Hopland	UAH

Forfall

Anders Ole Sunnarvik
Bente Nygård
Lars Terje Standal
Leif Magne Gil
Ronny Cassells
Kristian Skibenes
Morten Andreas Hagen
Geir Arne Solheim
Kine Andersen Nygård
Fredrik Smiley Egeberg

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn H
Kinn H
Kinn MDG
Kinn MDG
UAH

Varamedlem

Ralf Einar Johannessen
Åge Arne Larsen
Inger Strand Kvalheim

Doris Christensen
Mats Brunsvik
Ingvar Torsvik Myrvollen

Anita Eikevik

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP

Kinn AP
Kinn H
Kinn H

Kinn SP

Møtenotater:

Bengt Solheim Olsen (H) stilte som delvis vara for Hanne E. H. Kristensen (H) frå møtestart til kl. 12.00.

Hege Chatrine Brandsøy (R) stilte som delvis vara for Marie Kronen Tveranger (R) frå møtestart til kl. 12.45.

Repr. Torgunn Eikevik (SP) fekk permisjon frå kl. 14.00, under handsaming av sak 026/23 Interpellasjonar.

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Norunn Stavø, kommunalsjef helse- og velferd

Linda Nipen, kommunalsjef økonomi

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø

Henrik Ulriksen, Fag og utvikling

Linda A. Myhre Larsen, stabsleiar Informasjon og service

Informasjon om Barnevernløftet kl. 0900 – 1200:

Orientering v/Sølvi Olrich Sørebo, seniorrådgjevar i KS og Frode Kyrkjebø, dagleg leiar i KS.

Orientering om barnevernet i Kinn kommune v/tenesteleiar Lena Eikefjord.

Det vart gjennomført gruppearbeid om barnevernløftet.

Florø, 16. mars 2023

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
022/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/23	Spørsmål
024/23	Godkjenning av møteprotokoll
025/23	Refererte skriv og meldingar
026/23	Interpellasjonar
001/23	Interpellasjon om innkjøpsstrategien
027/23	Fastsetting av festeavgift på gravplassane i Kinn kommune
028/23	Endring i drifts- og investeringsbudsjett for Florø Hamn Kinn Kommune i 2023
029/23	Nærmiljøtiltak 2023
030/23	Årsmelding 2022
031/23	Årsplan for kontrollutvalet 2023
032/23	Revisjonsrapport - berekning og utbetaling av tappt arbeidsforteneste
033/23	Fritak for eigedomsskatt - prinsipper og saksgang
034/23	Utval for politisk organisering - utsatt frist for ferdigstilling av innstilling



Saksnr.	Utval	Møtedato
022/23	Kommunestyret	16.03.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ordførar Ola Teigen orienterte om at sak 032/23 Revisjonsrapport - berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste. blir trukket frå saklista då Vest kontroll har meldt at saka ikkje er ferdig handsama.

V v/repr. Nødseth viste til pressemelding vedr. Fotruter frå Florø. Nødseth spelte inn at Kommunestyret bør kome med ei uttale om flytilbod til Bergen frå Florø. Ordførar Ola Teigen sender utkast til uttale til gruppeleiarane for innspel.

Ordførarar Teigen orienterte om at flyruter Florø - Oslo blir lyst ut som fotruter.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 022/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
023/23	Kommunestyret	16.03.2023

Spørsmål

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Spørsmål fra SV v/repr. Jon Valur Olafsson; Vil det være mogleg for Kinn kommune å delta i anbudsprosessen innanfor den angitte tidsramma til Sjukehusinnkjøp (15. april):

Spørsmål 1

Dersom tildelinga til Aasen og Øvrelid vert vurdert ugyldig, og anbodet på brannstasjonen vert lagt ut på nytt, vil det vere mogleg for Kinn Kommune å delta i anbudsprosessen innanfor den angitte tidsramma til Sjukehusinnkjøp (15. april).

Svar

Sjøl om vi nå er i sluttinnspurten med å ferdigstille vårt tilsvaer på klagen, så kan likevel den vidare prosessen med behandling av klagen «stjele» kalendertid. Etter at kommunen har gitt sitt tilsvaer er det klager sin rett til å ha omsetningstid og vurdere kommunens tilsvaer og om og på kva måte klager ønsker å gå vidare eller om klager vil avslutte saken. Videre, så vil det være utfordrande å delta i anbudsprosessen med tanke på krav til nødvendige politiske prosesser, samt nødvendige finansielle vedtak og ikkje minst få etablert et prosjekt som tilfredsstiller konkurransekrava. Under disse premissene er rimeleg å vurdere at det ikkje lar seg gjære innan frist (15. april).

Spørsmål 2

Korleis vil kommunen stille seg dersom private aktører ønsker å disponere areal på Kringleskjæret for oppsetting og drift av ambulansestasjon?

Svar

Fagetaten brann og redning har i forkantarbeidet til ny brannstasjon gitt innspel om at en ser klare synergjar ved å lokalisere ulike nød og rednings funksjoner enten under same tak eller umiddelbar nærheit. Som fylje av denne vurderinga, vil ein kunne gje opning for ei slik utbygging. Forutsetningane er sjølvsaegt at bygget som skal reisast er i tråd med gjeldande reguleringsplan og at tomtesalet/kjøpet gjennomførast i tråd med maknadspris.

Spørsmål frå H v/repr. Arlene Vågane; Om legedekninga i Måløy:

Vi er kjent med at det er ein utfordring rundt legedekninga i Måløy legesenter. Innbyggere er uroa over lang ventetid for å få time hos lege, og fleire er utan fastlege. Slik vi er kjent med gjennom media vil situasjonen verte forverra framover. Fastlegene er viktige tenester for innbyggjarane våre. Å ha ein lege som kjenner deg er viktig. Kinn

høgre ønsker derfor svar på følgende spørsmål:

Kva tiltak gjer kommunen for å holde på lege spesialistene?

Svar:

Prøver å holde stabilitet i legegruppa. Vi har fått på plass veiledningssamtaler i forhold til lis 0 og lis 3. det hadde vi ikkje tidligere. Alis avtaler er utarbeidet der spesialister blir kompensert ekstra. Noen spesialitet mener at dette er for lite og føler seg forbigått til fordel for alis.

Korleis ser dei for seg kapasiteten på legekantoren ifh til vikar bruk, LIS leger og legestillinger som ikkje bemanna?

Svar:

Det er ikke uvanlig at ventetiden til å komme til på en vanlig fastlegetime kan ta 3-4 uker. Dette er ikkje noe nytt for leger ved Måløy legekantor. Slik var det før vi ble kinn også. Det er ulike grunner til at noen har lengre ventetid enn andre. Vi har alltid en dagvaksliste der pasienter som ikkje kan vente kommer til. Det siste året har vi også justert alle legene sine timebøker slik at alle leger har 2-3 øh timer hver dag som kun disponeres av fastlegepasientene.

Dette er et godt tiltak og disse timene blir stort sett brukt hver dag.

Ventetid på legetime hos fastlege kan blant annet skyldes: fravær blandt leger (både planlagt/ uplanlagt) , nye leger som klarer færre pasienter pr dag, ekstravakter på legevakta krever fri i for og etterkant, avsatt tid til å ta papirarbeid. Flere nye leger/ vikarleger krever mer oppfølging blandt eksisterende leger.

Korleis er legesituasjonen?

Svar:

Pr nå har vi 2 ubemanna fastlegelister. Pr. no er det ingen som har søkte på desse stillingane.

Vi har fått innvilga bruk av vikarbyrå så frå 06.03.2023 får vi vikar som går inn og dekker begge desse stillingane.

Frå 01.05.2023 skal ein lege ha permisjon grunna turnustjeneste på Nordfjordeid sjukehus. Dette er obligatorisk del av Alis løpet. 01.05.2023 kjem det inn ny vikar frå vikarbyrå og dekker denne stillinga i 6 mnd.

Kor mange lege hjemler er ubemanna/ledige og korleis vert det i næraste framtid?

Svar:

2 er ledig. Per no er det ingen søkarar på stillingane som er ute.

Korleis vil økonomien være når man må bruker vikarleger? Vil dette verte dyrare enn den ordninga vi har i dag og eventuelt kor mykje dyrare?

Svar:

Når vi leiger vikarbyrå vil kommunen behalde all inntjening frå Helfo på dagtid, kvardager mandag-fredag KL.08.00-16.00. Når legen går legevakt på kveld, natt, helg og helligdager vil dei pasientgenererte inntektene frå Helfo tilfalle legen. Kommunen vil også utbetale vakttillegg direkte til legen etter desse satsane.

Vikarbyrået tek ein pris på ca 75 000 kr veka. Men all inntekta frå vikarbyrålegen tilfaller kommunen. Dersom det var ein fast tilsett lege som hadde denne lønna ville inntjeninga tilfalle legen. Det avhenger litt av kor erfarne legevikaren er, og kor mange pasienter dei klarer å ta unna, men inntekta brukar å ligge rundt 40 000 – 45 000 kr i veka, og då er kostande mellom 35 000 – 30 000 kr. i veka for vikarbyrå.

Kostnad for 6 mnd. vert kr. 840 000,-.

Spørsmål frå V v/repr. Jan Henrik Nygård; Status Sagaleva kraftverk:

Sagaelva kraftverk har tidligere blitt omtalt som et «gryteklart» prosjekt der en ved hjelp av kjent teknologi enkelt kan produsere elektrisk kraft.

Kan ordfører si noe om mulighetene her og status for prosjektet? Vi ønsker og en kort vurdering rundt muligheten til å nytte krafta til «eget» bruk uten å koble seg til det tradisjonelle linjenettet. Enten i kommunal regi eller aller helst opp mot en avtale med private aktører som kan nytte krafta til egen produksjon.

Svar:

Det pågår detaljprosjektering av ny vassleidning (utskifting av 1969-leidning) og kraftverk. Disse to tiltaka sjåast i samanheng på grunn av same trase.

iVest Consult AS ved Trygve Riste er konsulent.

Denne veka (veke 10) fekk vi teikningsgrunnlag til gjennomsyn.

Administrasjonen planlegger å fremje politisk sak om bygging av kraftverk, herunder økonomi, finansiering- og driftsmodell.

Vi ser for oss at politisk sak kan vere klar medio 2023.

Målsetning er at anleggsarbeid med utskifting av vassleidning tek til våren 2024, og at Kraftverket blir bygget samstundes dersom det er politisk vilje for det basert på sak som nevnt over.

Spørsmål frå R v/repr. Marie Kronen Tveranger: Spørsmål om sikkerheit for miljøet og innbyggjarane vedrørande Vindmøllene på Guleslettene

06.juni 2022 skjedde det ei ulykke på ei av vindmøllene på Guleslettene. Det rant hydraulikkolje ned langs tårnene.

Det var 2 turgåere som oppdaga lekkasjen.

Det var lagt nokon matter for å fange opp oljen,men oljen hadde anslagsvis spredt seg over eit hundre kvadrats område.

Då dei 2 turgåarane nærma seg vindmølla, dryppa det olje i hodet på dei.Vidare kunne dei med jevne mellomrom høyre olje klaske i bakken.

Like ved vindmølla står der eit skilt merka « Nedslagsfelt til drikkevatn.Vær aktsom for å unngå utslipp til drikkevatn.Dieselfylling forbudt.»

Spørsmål:

- 1.Kva overvåking finnast rundt Vindmøllene på Guleslettene ved mogleg forureining?
- 2.Kva Innsyn får Kinn Kommune om slike hendelser?
- 3.Hadde Kinn kommune og innbyggjarane i kommunen fått informasjon om utsleppet, om det ikkje var fordi nokon turgåare hadde oppdaga lekkasjen?
4. Kva beredskapsplan finnast i Kinn kommune om det skulle skje slike ulykker igjenn, då med tanke på drikkevannet til innbyggerene i Florø?
- 5.Vart ulykka , som blei omtalt som «ein hendelse», politianmeld ?
6. Vart det nokon konsekvensar for eigarane av Vindmølleparkeni form av bøter, då dette anses som miljøkriminalitet .

Svar:

Innleiingsvis må det nevnes at den omtalte lekkasjen vart oppdaga før dei to turgåarane gjekk forbi turbinen. Det var derfor der låg matter for å samle opp oljen. Det stod ein bil utanfor og det var folk inne i turbinen på dette tidspunktet. Estimert lekkasje var 10 l olje. All olje som rant ut ble samla opp og tårnet ble vasket. Grusen rundt ble fjerna og deponert i godkjent anlegg.

1. GVAS (Guleslettene Vindkraft AS) har rutiner for å forebygge og ev redusere virkninger av eventuelle uønskede hendelser med utslipp til ytre miljø som konsekvens. Tiltaksplan er godkjent av NVE. Turbinene er utstyrt med sensorer som utløser alarmer dersom det skjer noe utenfor

forhåndsdefinerte kriterier. Det er overvåking både på trykk og nivåmåling av olje i turbinene. Vestas overvåker turbinalarmer 24/7.

1. Ihht varslingsplanen skal kommunen varsles om alle hendelser/utslipp som kan påvirke drikkevann.
1. Denne hendelsen kunne ikke påvirke nedbørsfeltet til da den aktuelle turbinene ligger to km frå nedbørsfeltet til Sagavatnet. Skiltet som det blir referert til er ikke relevante for den aktuelle turbinen eller i det området den står.
1. Kinn kommune har oppdatert beredskapsplan for vassforsyning, som også adresserer uønska hendingar ved råvasskjeldene. Mattilsynet har under tilsyn hausten 2022, gjennomgått beredskapsplan grundig og ikkje funnet avvik.

Ved siste beredskapsmøte kommunen og GVAS hadde 26. april 2022, ble varslingsrutiner og telefonnummer gjennomgått og oppdatert.

1. NVE er tilsynsmynde på Guleslettene. Hendelsen ble fulgt opp ihht til GVAS sin beredskapsplan. Utslipet hadde ingen konsekvenser for ytre miljø etter at konsekvensreducerende tiltak var iverksatt ihht beredskapsplanen. Hendelsen vart ikkje politianmeld.
1. Det vart ikkje illagt bot til eigar eller driftselskap.

Spørsmål frå V v/rer. Edvard Iversen Spørsmål om Oppfølging av innkjøpsstrategien

Kinn kommune har hatt to oppfølgingsmøte med Vestland Fylkeskommune om saka. Seinast 1. mars. Fylkeskommunen som vegeigar er i gang med å prosjektere oppgradering av Strekinga Kapellneset til Raudeberg Sentrum. Kommune er beden om å oppgje tekniske data og bistår Fylkeskommunen på dette område. Frå Kinn kommune har det vore lagt vekt på at reguleringsarbeidet bør starte så snart som råd, men Vestland Fylkeskommune, ynskjer å avvente til ein er kommen noko lenger i prosjekteringsarbeidet. Formannskapet og Samferdselsutvalet er gitt orientering om framdrift og saksgang for vidare arbeid.

Spørsmål:

1. **Fungerer innkjøpsordninga etter den vedtatte strategien?**

Etter vår vurdering fungerer ordningen godt.

Strategien har sju fokusområder som vi har med oss inn i arbeid med anskaffinger:

Lokalt næringsliv: Der vi kan, inviterar vi berre lokale tilbydarar. På andre områder så legger vi dei lokale inn i gjennomføringsverktøyet, slik at dei får melding om konkurranse direkte utan å måtte leite på Doffin. Vi har også gjennomført leverandørkonferansar og marknadsdialog på nokre område.

I enkelte konkurransar har vi delt opp kontraktene i fleire geografiske delar for å kunne tilpasse desse til mindre, lokale leverandørar.

Samfunnsansvar: Vi har inne ulike krav i forhold til dette. Vi har med Seriositetskrav bygg og anleggskontrakter (som kommunestyre har vedtatt skal brukast i bygg og anleggskontraktar)

Når det gjelder firma frå skatteparadis, så har vi ikkje vært borti slik problemstilling.

Vi har eit krav at alle tilbod skal være på norsk, og dei må oppfylle alle kvalifikasjonskrava som vi har. Så alle tilbydarar som vi har mottatt tilbod frå er etablert i Noreg.

Utfordringa er å ha resurssar til å følgje opp dette gjennom heile avtaleperioden.

Miljøansvar: Her har vi søkt og fått midlar til ei prosjektstilling som jobbar med å finne gode måtar å inntrette anskaffingar på, slik at miljø og klima vert ivareteke så langt råd. Her vil vi gjennomføre eit 2 dagers seminar i Florø for innkjøparar i kommunan i INSS. Dette er eit samarbeid mellom INSS og DFØ, og blir 7. – 8. juni.

Innovative anskaffingar: Her har vi kursa nokre av dei tilsette, men det er begrensa med gjennomføringar. Bruk av metoder for innovative anskaffingar passer best på anskaffingar som krev vesentleg evne til omstilling og nytenking hjå oppdragsgjevar og leverandørar. Så langt har mesteparten av anskaffingane gjort siste åra, vore naudsynte rammeavtaler for kjøp av «hyllevarer», og innovasjon har i mindre grad vore eigna metode. Innkjøp gjennomfører anskaffingane, men vi er avhengig av tenesten for å finne anskaffingar som kan gjennomførast som innovative anskaffingar.

Gode og riktige innkjøp: Gjennom bruk av strategi på det enkelte området, meiner vi å få til dette i mange av anskaffingane vi gjennomfører. For å få dette til på ein enda betre måte, må Innkjøp komme tidlegare inn i planarbeid og beslutningsprosessar, slik at førebuingane til gjennomføring pågår i lag med beslutningsprosess om å gjennomføre tiltak.

Vi har med levetidskostnader (inkludert energi) spesielt i byggekontraktar.

Avtalelojalitet og volumgevinstar: Dette er ei område som vi ikkje har fått jobba godt med endå, men vi sitter no med ein god del statistikkmateriell som vi går gjennom i desse dagar. På 2 avtalar som vi har analysert ser vi at innsparinga frå 2021 til 2022 er på drøye 500.000.

Vi ser at det er nokre tenester som ikkje følgjer alle avtalar, så vi har behov for å ta ein runde på det. I Flora kommune var dette ei oppgåve som lå under Controllar, i samarbeid med innkjøp. Slik det er no så manglar vi den resurssen. Her kan det være litt å hente.

Oppfølging av kontraktar: Dette heng saman med punktet over. Vi har brukt ein god del tid på nokre kontraktar, blant anna p.g.a. varsla prisstigning. Ei god del har vi greid å stanse, men det tar litt tid. Vi skulle gjerne hatt ein dedikert person til å følgje opp kontraktar og avtalelojalitet.

Vi er god på vei, men vi er ikkje i mål, og det skal vi vel aldri være. Det vil alltid være forbetringar.

2. Kva er grunnen til at den vedtatte rulleringa av strategien har uteblitt?

Det har samanheng med fleire ting.

1. Det er eit stort arbeidspress i avdelinga. Vi har bygd opp eit nytt innkjøpssamarbeid, samtidig som vi har gjennomført store anskaffingar, handtert leveringsutfordringar (først p.g.a. pandemien, og deretter krigen i Ukraina). I 2022 har vi også brukt mykje tid på å redusere prisveksten på avtalar Vi har opplevd tilbydarar som har krevd over 40% prisvekst.

2. Saka om kommunedeling.


3. Etablert ny avtaleportal for innkjøpssamarbeidet, implementert nytt katalogstyringssystem for e-handel

3. Når vil erfaringane med den vedtatte innkjøpsstrategien bli oppsummert og strategidokumentet rullert?

Slik vi ser det vil det være hensiktsmessig med ei sak før sommaren (juni) som oppsummerar strategien, og ei ny sak etter nytt kommunestyret er valt (jan/feb 2024) der strategien kan justerast. Slike innkjøpsstrategiar brukar vanlegvis å reviderast kvart 4. år.

KOST- 023/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/5602
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 10.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/23	Kommunestyret	16.03.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOST- 024/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Svar på spørsmål - Demensvenelg samfunn
Svar på spørsmål - kommunestyre 9. februar
Protokoll - Kommunestyret - 16.02.2023



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/10014
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 09.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/23	Kommunestyret	16.03.2023

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

001/23, Møtebok - Kontrollutvalet - 14.02.2023

002/23, Møtebok representantskapsmøte Vest kontroll 30.09.2022

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Ingen merknadar.


Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 025/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/10015
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 09.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Kommunestyret	16.03.2023

Interpellasjonar

Underliggende sak:

001/23, Interpellasjon om innkjøpsstrategien


Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Raudt v/repr. Danielson oreinterte om innsendt interpellasjon om innkjøpsstrategien.
Ordførar Ola Teigen svarte på interpellasjonen.
Ingen merknadar som foranlediget framlegg til vedtak.

KOST- 026/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 23/10163
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 09.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/23	Kommunestyret	16.03.2023

Interpellasjon om innkjøpsstrategien


Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

KOST- 001/23 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Kommunestyret	16.03.2023
	Kommunestyret	
027/23	Formannskapet	08.03.2023

Fastsetting av festeavgift på gravplassane i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Festeavgift for graver vert sett til kr. 350, pr, år pr grav, med verknad frå 01.01.23.

Formannskapet 08.03.2023:

Handsaming:

Røysting:

Forslag frå ordførar om å vidarese sak til kommunestyre, samrøystes vedtatt.

FORM- 027/23 Vedtak:

Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Innstilling formannskapet - 08.03.2023, foreslått av ,
Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Framlegg til vedtak, foreslått av Torgunn Elisabeth Eikevik, Kinn Senterparti
Festeavgifta for graver vert videreført som den er i dag, der festeavgifta for graver er 250 kr. pr. grav.

Nytt forslag fra Rødt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Festeavgiften for 2023 blir videreført med 250 kr. Festeavgiften blir fra 2024 fakturert årlig og justert i forhold til konsumprisindeks.

Krf v/repr. Nydal fremma utsettingsframlegg.

Røysting:

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 027/23 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Kinn kyrkjelege fellesråd har i brev til kommunen av 09.01.23 gjort rede for følgjande:

Kinn kyrkjelege fellesråd, lokal gravplasstyresmakt i Kinn, gjorde fylgjande vedtak i møte, den 20. desember 2022, som sak nr. 102/2022:

Kinn kyrkjelege fellesråd kjem med framlegg om å auke festeavgifta til 350 kroner per grav per år, med verknad frå 1. januar 2023. Grunnen til dette er trong for å auke inntektene, som fylgje av reduserte løyvingar frå Kinn kommune. Dette må til for å ha forsvarleg drift. Bed om at Kinn kommunestyre handsamar saka på fyrste kommunestyremøte i 2023.

Saka blir lagt fram for kommunestyret i samsvar med ynskje frå fellesrådet.

Saksopplysningar:

Sist kommunestyret handsama denne saka vart det gjort følgjande vedtak:

KOST-047/20Vedtak: *Festeavgift for graver vert sett til kr. 250, pr, år pr grav.*

Festeavgifta er pr i dag kr. 250 pr. år pr. grav.

Kommunestyret gjorde i samband med økonomiplan for 2020 – 2023 vedtak om at overføringa til Kinn kyrkjelege fellesråd skulle følgje kommunen si økonomiske utvikling innanfor kultur og fritid. Kultur og fritid har hatt ein nedgang i bevillingane på omlag 10% i denne perioden. Overføringa til fellesrådet er redusert tilsvarende.

Vurderingar:

Gitt den reelle nedgangen fellesrådet har hatt frå den kommunale overføringa dei siste åra har Kommunedirektøren stor forståing for at Fellesrådet finn det naudsynt å gjere framlegg om å auke festeavgifta for gravplassar, og tilrår at den vert auka i samsvar med vedtaket i fellesrådet.

Økonomiske konsekvensar:


Vedtaket vil ikkje ha konsekvens for kommunen sin økonomi. Ei auke i festeavgifta vil redusere dei negative konsekvensane av den reduserte overføringa til fellesrådet frå kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Om festeavgift på gravplassane 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Formannskapet	08.03.2023
028/23	Kommunestyret	16.03.2023

Endring i drifts- og investeringsbudsjett for Florø Hamn Kinn Kommune i 2023

Innstilling frå hamnestyret:

Endring i driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre. Saken er handsama i hamnestyret den 26.01.2023.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.03.2023

Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Formannskapet 08.03.2023:

Handsaming:

Røysting:

Forslag frå ordførar om å vidarese sak til kommunestyre, samrøystes vedtatt.

FORM- 028/23 Vedtak:

Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå Hamnestyret samrøystes vedtatt.

KOST- 028/23 Vedtak:

Endring i driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre. Saken er handsama i hamnestyret den 26.01.2023.

Bakgrunn for saka:

Endringar i drift og under prosjekt fører til nødvendige endringar i både drifts- og investeringsbudsjett for 2023.

Saksopplysningar:

Investeringsbudsjett

Prosjekt 10009 - Forsterking kai D

Det var oppdaga større skadar på skråplate under kai D i november 2022. Entreprenør ga straks beskjed, og ville rådgi oss til å utbedre dette iløpet av prosjekperioden for kai D, når vi først var i gang med stillas under hele kaia. Styret i Florø hamn støtter dette forslaget. Den ekstra utgifta er estimert til kr 5.000.000 og må i sin heilheit lånefinansierast.

Prosjekt 10029 - Det grønne skiftet

Her anser hamna at det er viktig at kjem i gang og tar overgang til ytterlegare grønt skifte jamnt fram til og med 2026, istaden for alt same året. For 2023 betyr dette ein investeringsutgift lik kr 1.000.000. Prosjektet må i si heilhet lånefinansierast

Driftsbudsjett

Leigekontrakt vedr Kai G og B76 gikk ut 31.12.22. Grunna dette blir det reduksjon av inntektene. Noko av inntektene for utleige av kai G blir flytta til auke i kaivederlag. Utleige av B76 ser vi som mulig først 2. halvår i 2023.

Vi har pr i dag ikke signert kontrakt med leigetakere i 3. etasje i Kollektivterminalen. Dette fører til reduksjon i leigeinntektene her og vi kan ikkje forvente inntekter før i 2024. Vi er i prosess med flere mulige leigetakere, men pga av prosjekttid og leveringstid ser vi at vi mest truleg kommer til 2024 før inntektene kommer.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

Endring i investeringsbudsjett fører til ei auke i låneopptak på 6 millioner kroner i 2023 frå 33.650.000 kroner til 39.650.000 kroner.

Endring i driftsbudsjettet fører til auka underskot (meirforbruk) i drifta. Opprinneleg meirforbruk for budsjett vedteke i desember 2022 var 2.194.000 kroner. Nødvendig endring fører til at meirforbruket for 2023 no blir budsjettert til 5.634.000 kroner. Dette er ei auke på 3.440.000 kroner. Dette må dekkast inn av disposisjonsfondet for Florø Hamn.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Endringer investeringbudsjett 2023

Endringer driftsbudsjett 2023 Florø Hamn Kinn Kommune KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
022/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	28.02.2023
029/23	Kommunestyret	16.03.2023
	Kommunestyret	

Nærmiljøtiltak 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre tiltaka for 2023 jmf lista i denne saka.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 28.02.2023

Kommunestyret vedtar å gjennomføre tiltaka for 2023 jmf lista i denne saka, med følgjande endringar og tillegg:

Skulehuset på Askrova: 250.000 kr i 2023 og 450.000 kr i 2024.

Samlingspunkt for barn og unge på Reksta/Rognaldsvågen: 250.000 kr i 2023 og 500.000 kroner i 2024.

Faktisk framdrift, oppdaterte kalkyler, fleire finansieringsaktørar mv. i prosjekt som ligg finansierte over fleire år kan tilseie at ein kan/bør realisere prosjekt raskare enn det som kjem fram av tabellen. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren vurderer dette konkret og løpande, for å sikre raskast mogleg gjennomføring og best samla ressursbruk.

For framtidige løyvingar skal eit sjuande kriterium i totalvektinga vere korleis tiltaka bidreg til inkludering og tilgjengeleggjering, til dømes gjennom universell utforming. Framtidige prosjekt skal ha særleg omtale av kva som må til for universell utforming, dersom dette er naturleg.

Plan-, miljø og næringsutvalet 28.02.2023:

Handsaming:

Tillegg og endringar i fordeling mellom 2023 og 2024:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Skulehuset på Askrova: 250.000 kr i 2023 og 450.000 kr i 2024.

Samlingspunkt for barn og unge på Reksta/Rognaldsvågen: 250.000 kr i 2023 og 500.000 kroner i 2024.

Faktisk framdrift, oppdaterte kalkyler, fleire finansieringsaktørar mv. i prosjekt som ligg finansierte over fleire år kan tilseie at ein kan/bør realisere prosjekt raskare enn det som kjem fram av tabellen. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren vurderer dette konkret og løpande, for å sikre raskast mogleg gjennomføring og best samla ressursbruk.

Endring i kriteriane til nærmiljøtiltak, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

I kriteriane skal behovet for vurdering av universell utforming belyst utifrå bruk og brukargruppa til nærmiljøtiltaka frå og med budsjettåret 2024.

Alternativt fellesframlegg frå Bente Nilsen mfl., foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

For framtidige løyvingar skal eit sjuande kriterium i totalvektinga vere korleis tiltaka bidreg til inkludering og tilgjengeleggjering, til dømes gjennom universell utforming. Framtidige prosjekt skal ha særleg omtale av kva som må til for universell utforming, dersom dette er naturleg.

Røysting:

Tilleggsforslag frå Nødseth samrøystes vedtatt.

Alternativt framlegg frå Nilsen mfl. samrøystes vedtatt.

PMNUV- 022/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre tiltaka for 2023 jmf lista i denne saka, med følgjande endringar og tillegg:

Skulehuset på Askrova: 250.000 kr i 2023 og 450.000 kr i 2024.

Samlingspunkt for barn og unge på Reksta/Rognaldsvågen: 250.000 kr i 2023 og 500.000 kroner i 2024.

Faktisk framdrift, oppdaterte kalkyler, fleire finansieringsaktørar mv. i prosjekt som ligg finansiert over fleire år kan tilseie at ein kan/bør realisere prosjekt raskare enn det som kjem fram av tabellen. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren vurderer dette konkret og løpande, for å sikre raskast mogleg gjennomføring og best samla ressursbruk.

For framtidige løyvingar skal eit sjuande kriterium i totalvektinga vere korleis tiltaka bidreg til inkludering og tilgjengeleggjering, til dømes gjennom universell utforming. Framtidige prosjekt skal ha særleg omtale av kva som må til for universell utforming, dersom dette er naturleg.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

tilleggsforslag frå Kinn KRF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

Det blir sett av 500.000,- kr til delfinansiering av sanitæranlegg ved Kinn Kyrkje i 2023

Utsettingsforslag frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

Utsettingsforslag:

Saken utsettes og sendes tilbake til administrasjon for vidare utgreiing. Administrasjonen bes vurdere også benkeforslag innkommet i møte 16.03.23.

Vedtatt ramme på kr 5 millionar skal overholdes.

V v/repr. Nygård fremma framlegg om midlar til Havglytt. Repr. Jan Henrik Nygård (V), Miriam Nesje (FrP) og Åge Larsen (AP) var på bakgrunn av framlegg frå Nygård erklært innhabile då dei er medlemmer av styret i Havglytt. Framlegget vart då trekt då forslagsstiller er innhabil og ingen andre i kommunestyret fremma framlegget.

Røysting:

Utsettingsframlegg frå R v/repr. S.Oldeide vedtatt mot 13 røyster SP-2, Midtbø og Eikevik, UAH-2 Aare og Solheim, H-4, Vågene, Kristensen, Grønnevik og Myrvollen, KrF-1, V-4.

KOST- 029/23 Vedtak:

Saken utsettes og sendes tilbake til administrasjon for vidare utgreiing. Administrasjonen

bes vurdere også benkeforslag innkommet i møte 16.03.23.
Vedtatt ramme på kr 5 millioner skal overholdes.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i budsjett og handlingsprogram 2023 kr 5 mill til nærmiljøtiltak. Denne saka omhandler prioritering av innspel til tiltak for 23 og status for tiltak iverksatt i 22.

Saksopplysningar:

Det er gjennomført digitalt møte med grendelaga, i tillegg blei turlaga og idrettsrådet invitert. På møtet blei det informert om budsjettvedtaket, prosess og korleis innspela vil bli vurdert.

Vurderingar:

Kriteria som blir lagt til grunn for prioritering av innspela er som følger:

- Kvalifisere til kommunale investeringsmidlar.
- Tidlegare politisk vedtak
- Påbegynte prosjekt
- Samarbeid forankra med lokale aktørar.
- Forankra i handlingsplan for idrett og friluftsliv.
- Realistisk framdrift.

Kvalifiserer til kommunale investeringsmidlar:

Kapittel 2 i kommunelova handlar om skillet mellom drift og investering. §2-2 beskriver kva som skal førast i investeringdelen av økonomiplan og rekneskap. Av denne paragrafen kjem det fram at utgifter til investeringar i anleggsmidlar og inntekter knytta til anskaffelser av anleggsmidlar skal førast om investering.

Vidare beskriver §3.-1 kva som skal reknast som anleggsmidlar; Eiendeler som er vesentlige og til varig eie, klassifiseres i balanseregnskapet som anleggsmidler. Ander eiendeler klassifiseres som omløpsmidler.

§2-4 av kommunelova handlar om tilskot til andre sine investeringar. Tilskudd til andres investeringar regnes som utgifter til drift. Her er det eit lite unntak. Tilskudd til andres investeringar som kan lånefinansieres etter kommuneloven § 14-16 første eller andre ledd, trossamfunnsloven § 14 fjerde ledd eller gravplassloven § 3 tredje ledd, skal likevel føres i økonomiplanens investeringsdel, investeringsbudsjettet og investeringsregnskapet hvis tilskuddet finansieres av inntekter her. 0 Endret ved forskrift 9 des 2021 nr. 3479 (i kraft 1 jan 2022).

Tidlegare politiske vedtak og påbegynte prosjekt:

Tabellen nedanfor viser kva prosjekt som tidlegare er vedteke gjennomført og kva prosjekt som ikkje blei ferdigstilt i 22. Dette må tas med i vurderinga av kapasitet i organisasjonen for gjennomføring av tiltaket.

Samarbeid forankra med lokale aktørar:

Der lokale aktørar, td grendelag, vellag og idrettslag er engasjert i prosjekta kan dette påvirke både kostnadsbildet i prosjektet og gjennomføringsevnene. Til dømes gjennom tilskot frå andre og dugnad. Dette er som regel den viktigaste suksessfaktoren i mindre lokale tiltak.

Realistisk framdrift:

Når det gjeld realismen i forhold til gjennomføring av prosjekt i løpet av 2023 vil kommunedirektøren peiker på følgande forhold:

- Kapasitet i organisasjonen til å gjennomføre tiltaket, både knytt til arbeid med anskaffelsen og arbeid med gjennomføring av tiltaket.
- Anskaffelsesprosessen i seg selv, med tilbudsfristar osv.
- Erfaringsmessig veit vi at enkelte tiltak vil ta lengre tid å gjennomføre, mellom anna er det tidkrevjande å få på plass nødvendige grunneigaravtalar, planarbeid og planlegging krev tid.

Kommunedirektøren tilrår at det står att ein rest på kring 500 000 dersom det blir behov for å supplere vedtekne tiltak.

Følgande prosjekt blir førelått vedteke i 23. For oversikt over tidlegare vedtekne prosjekt, sjå vedlegg.

Tiltak	2023	2024
Ferdigstilling av grussti over Lilleåsen, og fjerning av nokre fleire tre for å sikre betre utsikt mot vest.	250 000 kr	
Ferdigstille sti i austenden av Lillevatnet	300 000 kr	500 000 kr
Lage grussti til (den nyleg opprusta) flymeldeposten på Storåsen, og ta ned noko skog for å sikre betre utsikt.		100 000 kr
Stiar til dagsturhytta på Kletten, både kort og langt alternativ.		500 000 kr
Grusvei ved Florø omsorgssenter frå parkeringsplass til inngang Kulturskulen.	100 000 kr	
Enkle tiltak mot Veten for tilrettelegging.	100 000 kr	300 000 kr
Parkeringsplassen ved St. Sunniva-hornet.		100 000 kr
Tursti på Vevlingen	100 000 kr	
Maritbua i Brandsøya og området rundt.	100 000 kr	
Aktivitet og kulturpark Eikefjord / Folkepark Salomontunet	100 000 kr	400 000 kr
Klatrepark i/på Almenning (vedlagt projektskisse)	100 000 kr	
Samlingspunkt for barn og unge - Reksta - Rognaldsvåg (vedlagt projektskisse)		750 000 kr
Standalsvatnet - friområdet		500 000 kr
Standal skule / grendehus - leikeplass	200 000 kr	
Leikeplass, gjestebrygge og badestrand Fanøya 4 delporsjekt	100 000 kr	200 000 kr
Veg/sikringskant Nærøya	50 000 kr	
Etablering av ombrukssenter	400 000 kr	400 000 kr
Skilt og merking til midtbøstøyla		
Opprusting Lyngneset, Nordalsfjord (kun epost)		

Etablering av møterom på Solheim skule	40 000 kr	
Uteområde Florø ungdomsskule	450 000 kr	
Florenga , Fleirbrukspark. (ved flora vgs)	600 000 kr	
Gotteberghammeren , tilrettelegging for turistar.	100 000 kr	
Indre Kulen , leikeplass.	100 000 kr	
Ivahavet - leikeplass	100 000 kr	
Skulehuset på Askrova - DNT hytte		700 000 kr
Tiltak Ausevika, strøm og vatn	100 000 kr	
Leikeplass på Leite	100 000 kr	
Kinn kyrkje	200 000 kr	
samla sum	3 690 000 kr	4 450 000 kr
rest av 5 mill (4,2 eks MVA)	510 000 kr	

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaka blir gjennomført innanfor vedteken ramme avsett til nærmiljøtiltak. Ramma på kr. 5 mil er ink MVA. Tala som er lagt inn i tabellen er utan MVA. slik at total ramme er kr. 4,2 mil, slik som tala er lagt inn.

I fyrste revidering av budsjettet for 2023 vil dei prosjekta som blir vedteke gjennomført av kommunestyret lagt inn som eigne investeringsprosjekt i investeringsportefølgja til kommunen. Dette vil sikre at økonomistyring og rapportering kvart tertial for kvart prosjekt. Det vil også gje moglegheit til å legge inn evt. tilskot og MVA. slik at prosjekta ligg inne med totalkostnaden (brutto) i innvesteringsplanen. Dette er eit krav i kommunelova. Når saka no blir lagt fram, er ikkje arbeidet med å leggje inn tilskot, dvs totalkostnad, fullført. Dette blir gjort til 1. tertial.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova.

Vedlegg i saken:

Nærmiljøtiltak 2023

Oversikt over søknadar



Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Kontrollutvalet	14.02.2023
030/23	Kommunestyret	16.03.2023
	Kommunestyret	

Årsmelding 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet 14.02.2023:

Handsaming:

KOUT- 004/23 Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Kommunestyret einige om å utsetje saka.

KOST- 030/23 Vedtak:

Saka utsett.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i 2022 har 7 møter og handsama 89 saker inkludert orienteringar. Ei oversikt over sakene fylgjer som vedlegg. Møtebøkene frå utvalet sine møter vart sende til kommunestyret som melding etter kvart.


Saksopplysningar:

Det vert vist til vedlagt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2022.

Vedlegg i saken:

Årsmelding for kontrollutvalet Kinn 2022

Vedtaksoppfølging Kinn 2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Kontrollutvalet	14.02.2023
031/23	Kommunestyret	16.03.2023
	Kommunestyret	

Årsplan for kontrollutvalet 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet 14.02.2023:

Handsaming:

KOUT- 006/23 Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Kommunestyret einige om å utsetje saka.

KOST- 031/23 Vedtak:


Saka utsett.

Bakgrunn for saka:

Årsplan og fordeling av saker 2023.

Vedlegg i saken:

Årsplan for kontrollutvalet Kinn - fordeling av saker
Årsplan for kontrollutvalet Kinn 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/23	Kontrollutvalet	09.03.2023
032/23	Kommunestyret	16.03.2023

Revisjonsrapport - berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kinn kommune må revidere sitt godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023, vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 024/19. Sist oppdatert pr 14.12.2021.
2. Kinn kommune må vurdere om prosentsatsen (4,5%) for vervet som leiar i KF står i eit rimeleg forhold til den arbeidsmengda som ligg til dette vervet.
3. Dei som nyttar seg av regulativet må sende inn sine krav med dei fristar som vert sett i det vedtekne regulativet. Ein kan vurdere å forlenge fristen i regulativet til for eksempel innan rekneskapsårets slutt. Det er nokon utfordringar kring budsjetteringar om krava går over i nytt rekneskapsår. I tillegg vert det ein del meirarbeid for dei som skal godkjenne krav som går langt tilbake i tid.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Saka trekt frå sakliste under handsaming av sak 022/23 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen handsaming, ingen votering.

KOST- 032/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Bakgrunn for saka:

Under saker til eventuelt seinare handsaming, i møte 18.10.2022, fatta kontrollutvalet vedtak om ei undersøking om berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste er gjort i henhold til kommunelova og kommunen sitt vedtekne godtgjersleregulativ. Frist for gjennomføring innan 01.03.2023.

Vestland revisjon KO har no gjennomført undersøkinga og rapporten ligg føre.

Saksopplysningar:

Vestland revisjon KO starta arbeidet med ein dialog med leiar av kontrollutvalet og Vest kontroll. Undersøking vart då spissa til å omhandle korleis Kinn kommune sitt godtgjersleregulativet vert praktisert i forhold til leiarane i Kinn kommune sine KF og korleis godtgjersleregulativet vert praktisert når det gjeld alle medlemene i kontrollutvalet i Kinn kommune.

Oppsummeringa frå rapporten er som fylgjer:

Vårt inntrykk av korleis regulativet vert praktisert er at det vert praktisert ulikt. Når noko har ein ulik praksis kan det tyde på at regulativet er open for tolking. Vi finn at regulativet ikkje er heilt beint fram lett å forstå og at det kan oppfattast som om at det er eit viss rom for tolking.

I kapittel 14. om kommunale føretak står det at reglane for tapt arbeidsforteneste gjeld for KF som for hovudutvala mv Vidare så er ikkje leiarane i KF nemnd i kapittel 1. punkt 1.3 over dei som skal ha fast godtgjersle. Men leiarane for utvala og kontrollutvalet er nemnd her. Ser vi i kapittel 16 regulativ for godtgjersle så seier den mellom anna at leiarane av hovudutvala sin godtgjering skal dekke både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjering. Den same teksten står ikkje under leiarane i KF, der står det at godtgjeringa på 4,5% av ordførarløna skal dekke møtegodtgjering.

Når vi samanliknar leiarane i hovudutvala og leiarane i dei kommunale føretaka så ser vi at teksten i tabellen ikkje er heilt lik. Sjølv om det står i kapittel 14 kommunale føretak at dei skal handsamast likt. Vi synes det vert vanskelig å tolke regulativet når ein etter vår oppfatning er noko upresis i omtalen av kven som skal ha kva for godtgjeringar i følge regulativet.

Praksisen av utbetaling av tapt arbeidsforteneste til leiarane i dei kommunale føretaka syner at regulativet vert tolka ulikt då ikkje alle leiarane i dei forskjellige KF blir behandla likt.


Kontrollutvalet sin leiar får godtgjøring lik 4,5 % av ordførar si løn. Leiar i kontrollutvalet har ikkje fått utbetalt tapt arbeidsforteneste. Dei medlemene i KU som vi har kontrollert har fått utbetalt møtegodtgjering i henhold til regulativet. Men vi ser at for året 2022 er det nokon som ikkje har kravd møtegodtgjersle for årets møter i KU. Vi har derfor omtala dette med kapittel 12. innlevering av reiserekningar m.v. som omhandlar reiserekningar med krav om at godtgjersler og vederlag skal sendast seinast 3 mnd etter at møte er halde.

Vurderingar:

Det vert elles vist til vedlagt rapport med vedlegg.

Vedlegg i saken:

Revisjonsrapport bergning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste 28.02.2023
Godtgjersleregulativ kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Formannskapet	08.03.2023
033/23	Kommunestyret	16.03.2023

Fritak for eideomsskatt - prinsipper og saksgang

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Retningslinjer for sakshandsaming for fritak etter eideomsskattelova§28 (datert 28.02.2023) og KS sin rettleiar vert godkjend som det går fram av vedlegga
2. Vedlagt søknadsskjema vert godkjend slik dei ligg før i vedlegg av i vedlegg (28.februar 2023)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.03.2023

Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Formannskapet 08.03.2023:

Handsaming:

Røysting:

Forslag frå ordførar om å vidaresende sak til kommunestyre, samrøystes vedtatt.

FORM- 026/23 Vedtak:

Saka vert vidaresendt til kommunestyret for handsaming.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Fellesframlegg Høgre, Rødt, Venstre, SP, SV, FrP, MdG og de uavhengige, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Nytt punkt 2:

2. Vedlagt søknadsskjema vert godkjend slik dei ligg føre i vedlegg (sendt ut til kommunestyre i epost 16.03.23 fra H, R, V, SP, FrP, MdG, de uavhengige)

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg, punkt 1, samrøystes vedtatt.
Kommunedirektøren sitt framlegg, punkt 2 votert opp mot fellesframlegg frå Høgre, Rødt, Venstre, SP, SV, FrP, MdG og de uavhengige. Fellesframlegg vedtatt mot 10 røyster, AP-9 og Krf-1.

KOST- 033/23 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Retningslinjer for sakshandsaming for fritak etter eigedomsskattelova§28 (datert 28.02.2023) og KS sin rettleiar vert godkjend som det går fram av vedlegga.
2. Vedlagt søknadsskjema vert godkjend slik dei ligg føre i vedlegg (sendt ut til kommunestyre i epost 16.03.23 fra H, R, V, SP, FrP, MdG, de uavhengige).

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 183/22.

«Med heimel i Eigedomsskattelova § 28 kan bustadeigar, etter eigen søknad, innvilgast fritak for delar eller heile eigedomsskatten dersom eigar/husstanden sin samla brutto inntekt ved siste likning ikkje overstig 3 G. Heimelshavarar med beløp større enn 1G i kontant behaldning eller inneståande i bank omfattast ikkje av fritaksordninga. Eventuell leigeinntekt skal medreknast i inntekta. Eigar(ar) må sjølv bebu hus/leiligheit det søkast fritak for då fritak etter § 28 er personleg og ikkje følger skatteobjektet. Fritak gjeld ikkje fritids- eller sekundærbustad. Fritak kan berre innvilgast for eit kalenderår, men fritt søkast forlenga. Det vert sett av 1 million i budsjettet til tiltaket. Dersom søkt beløp totalt sett overskrider 1 million vil avsett beløp fordelast likt på alle søkarar. Administrasjonen utformar søknadsskjema og søknadsrutine, herunder søknadsfrist(ar).

Saka tek opp i seg retningslinjer for handsaming av slik søker

Saka var fremja til formannskapet 17. januar, men formannskapet bad administrasjonen komma attende med søknadsskjema og særskilte utarbeidde retningslinjer.

Saksopplysningar:

Eigedomsskattelova §28 «Gjer særlege grunnar at det kom til å verta sær urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet.»

Det er to vilkår som må vere til stades for at eigendomsskatten skal kunne settes ned eller bli ettergitt;

- det må foreligge "særlege grunnar" og
- desse særlege grunnane må gjere det "sær urimeleg" om heile eigendomsskatten blir krav inn

Vurderingar:

Det er såleis streng vilkår for å ettergi eigedomsskatt og det skal således svært mye til for at en skatteyter skal få medhold i at skatten bli sett ned eller bli ettergitt.

Under handsaming av søknaden skal det bli gjennomført ein individuell og konkret vurdering av søker behov for nedsettelse eller å ettergi eigedomsskatten.

Fylgjande faktorer kan bli tatt med med i vurderinga:

«inntekt, bankinnskudd, aksjer/fond, andre eiendommer, anna formue, gjeld, andre eige, eiendommen sin verdi»

Sjølvs om kommunen legg ei list, 3 G i inntekt, 1 G i midler, så skal det likevel bli gjennomført ei individuell, konkret og helskapleg vurdering. Etter lova skal det ikkje framstå som at det automatisk er krav på nedsetting om dei økonomiske føringane er oppfylt.

Kinn kommune kan likevel nytte dette som ei rettesnor for å fremje likehandsaming og sette ein terskel som for søknader ein tek opp til handsaming. Dette kan ein tolke ut fra eigedomsskattelova § 28 sin bruk av ordet «kan». Ordlyden opnar med dette for at det kan gjerast ei skjønsmessig vurdering.

Vedtaket blir fatta for 1 år. Eiendomsskatten må bli betalt sjølv om det blir søkt om nedsetting eller ettergivelse. Kinn kommune må gjera nytt vedtak, normalt etter søknad, kvert år. Søknaden vil då måtte bli vurdert på nytt på det aktuelle tidspunkt.

Sivilombudsmannen har også lagt til grunn at at det ikkje er adgang for ein kommune å sette frist for slike søknader.

Vedrørende klage:

Ved lov 22. juni 2012 ble det gjort omfattende endringer i eiendomsskattelovens sakshandsamingsreglar. Endringene trådte i kraft 1. januar 2013. Forarbeidene til endringsloven er Prop. 112 L (2011-2012). Ved lovendringa vart forvaltningslova gitt alminneleg anvendelse i eiendomsskattesaker.

Vedtak om nedsettelse og ettergivelse av eiendomsskatt er einskildvedtak som kan bli påklaga i medhald av forvaltningsloven § 28. Forvaltningsloven § 28 annet ledd regulerer kva organ som er klageinstans.

Forvaltningsloven § 28 andre ledd første setning: *«For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget».*

Etter eiendomsskatteloven § 28 er det lagt som føring at formannskapet fattar vedtak om nedsettelse eller om å ettergjje eiendomsskatt. Avgjerda kan ikkje delegerast. Klaga skal derfor sendes og behandles av formannskapet.

Søknad

I utgangspunktet er det er søkjar sitt ansvar å dokumentere søknaden. Alle opplysningene om økonomiske forhold må være dokumentert. Det vil bli utarbeidd eit skjema for søknader i samsvar med vedlagt rettleiar.

Kinn kommune har avgrensa ressursar til eigedomsskatte oppgaver då dette området er trekt ned med 1 årsverk og skal ytterlegare effektiviserast.

Økonomiske konsekvensar:

Eigedomsskatten er justert ned med 1 mill. kr. som eit estimat på kva dette kan komme til å koste.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Retningslinje for nedsetjing eller ettergjeving av eigedomsskatt etter §28

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter §28

Veileder om utsettelse, nedsettese og ettergivelse av eiendomsskatt



Saksnr.	Utval	Møtedato
034/23	Kommunestyret	16.03.2023

Utval for politisk organisering - utsatt frist for ferdigstilling av innstilling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet for politisk organisering får utsatt frist til 25.05.2023 for å kome med innstilling til politisk organisering, møtereglement, delegeringsreglement og framlegg til politisk innsparing.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren sittf framlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 034/23 Vedtak:

Utvalet for politisk organisering får utsatt frist til 25.05.2023 for å kome med innstilling til politisk organisering, møtereglement, delegeringsreglement og framlegg til politisk innsparing.

Bakgrunn for saka:

Utvalet for politisk organisering ber om utsatt frist for å kome med innstilling til politisk organisering, møtereglement, delegeringsreglement og framlegg til politisk innsparing.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har vedteke at utval for politisk organisering skal legge fram si innstilling innan 1. april 2023. Utvalet er godt igang med arbeidet, men ser likevel at fristen 1. april vert litt knapp for å komme gjennom alle reglementa på ein god måte.

Utvalet ser føre seg å ha klar ei innstilling til kommunestyr møte 25.05.2023.

Utvalet ber difor om utsett frist på arbeidet.